

På sommarsolkverv – altså i desse dagar – går sola ned bak eit fjell i Os, men ein skalk kjem fram att på nordaustsida, og skin nokre få minutt på Tysneset, før ho går ned for godt.

Sola gjer ekstranummer

SOMMERSOLKVERV



Eldar Heide, Asle Bruen Olsen, UiB

Det har lenge vore kjent at Tysnesøya stod i ei særstilling innfor førkristen gudedyrking, og no har vi truleg oppdaga grunnen: Eit makelaust solfenomen knytt til ei stor røys på den opphavlege garden Tysnes. Får vi ei ny arkeologisk utgraving der, er det gode sjansar for at vi finn det fyrste vestnorske kultkomplekset frå førkristen tid.

Magnus Olsen viste i 1905 at Tysnesøya har ein einestående konsentrasjon av stadnamn som fortel om førkristen gudedyrking. Tysnes, som opphavleg berre var neset midt imot Våge, tyder «gudeneset». Under Dalandsfjellet ligg ein gard med namnet Ve, som tyder «den heilage staden», og ein med namnet Lunde, som mange stader er knytt til offerlunder.

Her ligg gudeøyane

I sundet mellom desse stadene og det opphavlege Tysnes ligg holmen Helgasteinen «den heilage steinen». Småøyane nordaust for Tysneset heitte på gammalnorsk Goðeyjar «gudeøyane».

Sør for dei ligg ein Lunde til, og Vevatnet «det heilage vatnet», og Hovland «kulthusgarden». Som overbygning over alt dette heitte heile øya i gammal tid Njardarlög, som tyder «Njords lovdom».

Hovdingmakta

Kvifor har Tysnesøya den største konsentrasjonen av sakrale stadnamn i Noreg? Årsaker til slikt kan liggja i samfunnet og i naturen ikring. Ei årsak i samfunnet kan vera at ein hovding med makt fastsette at felleskulten i bygda skulle skje der.

Eit døme på årsak i landskapet er Gudvangen «gudeenga» ved Nærøyfjorden, der Nær truleg er gudenamnet Njord. Bakgrunnen for namna er etter alt å døma at landskapet er noko heilt utanom det vanlege: Fjellveggen stiger meir eller mindre lodderette 1400–1500 m, og det er så trangt mellom dei at når ein ror fjorden kjennest det mest som ein kan ta borti land med årane på begge sider.

Gudane var nær dei

Eit anna døme er Saltstraumen. Det er verdsens sterkaste tidevasstraum; han renn mellom to øyar, og dei heitte på gammalnorsk Goðeyjar «gudeøyane». Slike stader er ofte turistmagnetar i dag, fordi dei gjer



DACAPO: Sommarsolkverv 2009 sett frå Tysneset. Sola har vore borte bak fjellet på Strøno, men er komen fram att og skin nokre få minutt på Tysneset. Helgasteinen til venstre for fyrlykta. Ei ny arkeologisk utgraving på Tysnes kan opne for at vi finn det fyrste vestnorske kultkomplekset frå førkristen tid.

FOTO: SILJE AGDESTEIN

inntrykk, som med ei ubestemmeleg kraft. Den har førmoderne menneske gjerne oppfatta som eit guddomleg nærvære, og staden dermed som heilag.

– I praksis er det vanlegvis ein kombinasjon av dei to årsaksfaktorene: Hovdinggarden i ei bygd har hovdingen fordi garden ligg på den beste jorda, ved den beste eller einaste hamna, osb. Nærøyfjorden/Nærøydalen skil seg ut i samfunnet òg, ferdsleveggen som går der har alltid vore eit uvurderleg bindeledd mellom bygder og regionar.

Sola går ned og kjem att

Tysnesøya skil seg ut på ein annan måte: Med «krysspeiling» fire gonger i året prikkar sola inn punktet der den store røysa på sjølve Tysneset ligg. Det har Svein Ove Agdestein oppdaga, gjennom mange års engasjement i arkeologien på Tysnesøya.

Det mest særmerkte fenomenet opptre ved vintersolkverv: 20 minutt etter at sola har gått ned, kjem ho att i eit trangt skar og skin i 7–8 minutt direkte på røysa, og berre på den, medan resten av bygda ligg i skugge. Det same tek seg opp att tre gonger til kvart år: På sommarsolkverv – altså i desse dagar – går sola ned bak eit fjell i Os, men ein skalk kjem fram att på nord-

austsida, og skin nokre få minutt på Tysneset, før ho går ned for godt. Ved vårjamdøger og haustjamdøger skjer det same; då er fjellet Dallandsfjellet.

Med sola som utgangspunkt

Sola skin altså berre på Tysneset (og ei stripe bak) med «ekstranummer» ved alle dei fire solvendepunkta i året. I tillegg er «ekstranummera» på vår- og haustjamdøger det fyrste i sommarhalvåret og det siste i vinterhalvåret... Sannsynlegheita for at eit slikt punkt i landskapet skal finnast, kan ikkje vera langt over null.

Dette er så spesielt at vi må tru det er utgangspunktet for heile gudedyrkingskomplekset på Tysnesøya. Det stemmer med Helgasteinen, som er den mest spesielle av dei andre sakralnamnstadene på øya. Det mest slåande med denne holmen, seier Agdestein, er at han ofte er opplyst av sola når bygda ligg i skugge fordi det er skyer over sjølve Tysnesøya.

Eit kjempestort amfi

Både Tysneset og Helgasteinen er altså stader som på forunderleg vis er opplyste av sola når omlandet ligg i skugge, og det er iaugefallande, for bygda ligg som på tribuneplass i eit kjempestort amfi, med utsyn over sjøen beint mot desse to stadene, og det lyse berget på Helgasteinen forsterkar effekten.

Når desse stadene heiter «gudeneset» og «den heilage

steinen», så er det all grunn til å tru at det er fordi ein tenkte seg at dei spesielle solfenomena oppretta kontakt mellom gude- og menneskeverda på akkurat desse stadene. Utgangspunktet må vera Tysneset, for det er den staden som er merkt ut med det mest spesielle naturfenomenet, og som vart kyrkjestad; det var det helst dei viktigaste førkristne kultstadene som vart. Helgasteinen kan oppfattast som ein «avleggjar» av Tysneset, og så har atterglansen frå desse to stadene gjeve den næraste delen av øya gude-nær status; det er der dei fleste sakralnamnstadene ligg.

Arkeologien gjev svar

På bakgrunn av dette er Tysneset ein stad det ville det vera svært interessant å kjenna arkeologisk. Røysa på solsenterpunktet er utgraven to gonger, men resultatene seier oss lite, både fordi hovudutgravinga, i 1915, var dårleg jamvel for den tida, og fordi tradisjonell arkeologi ikkje har kunna seia stort om kult utover gravkult.

Dei norrøne tekstane er hovudkjelda til gammalnordisk religion, og kjem alltid til å vera det. Men takk vere store metodesteg dei siste tiåra er religionsarkeologien no i stand til å gje svært viktige tillegg, og til å sanna fleire av sogene sine kult-husskildringar, som kritikarar har drege i tvil.

Lat oss grava på Tysneset

I Sverige og Danmark har arkeo-

logane avdekt heile kultanlegg som dekkjer store område, med kultrøysar, kultbygningar, prosesjonsvegar, tjukke kulturlag svarte av blod frå offerdyr, kultgjenstandar, osb. – på stader som Uppåkra i Skåne, Helgö og Lilla Ullevi i Stockholms-traktene, og Tissø og Gudme i Danmark.

For eit par år sidan vart det fyrste slike anlegget her i landet funne på Ranheim ved Trondheim. Er det ikkje på tide at vi finn eit på Vestlandet òg? Dersom vi med moderne metoder undersøker området ikring røysa på Tysneset, så burde sjansen til å finna eit slikt anlegg vera svært god, fordi staden er så spesiell. Av same grunn er det gode sjansar for at anlegget er einestående, i storleik og funnr rikdom, i ein annan divisjon enn det ved Trondheim.

Vil nokon sponsa?

Det kan i så fall gje oss mykje heilt ny kunnskap om førkristen gudedyrking på Vestlandet, med detaljar vi no berre kan fantasera oss til – og om Tysnes si regionale rolle i førkristen tid. Men det er vanskeleg å skaffa pengar til forskingsgraving; humanistisk forskning druknar ikkje akkurat i ressursar for tida.

Kan nokon tenkja seg å sponsa ei slik utgraving? Vi kjem langt med ein halv million, og det går an å spleisa. Får vi ein arkeologisk kultsensasjon på Tysnes?